



Nordhordland Næringshage
5943 AUSTRHEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1423 - 15/8397

Saksbehandlar:
Øystein Sørhaug
Oystein.Sorhaug@lindas.kommune.no

Dato:
14.04.2015

Søknad om støtte til bedriftsutvikling-/etablering

Administrativt vedtak. Saknr:

Vedtak

Lindås kommune støttar søknaden frå Nordhordland Næringshage med 25.000 kroner til å gjennomføre «Verdas lengste sjømatbord». Midlane skal hentast frå Lindås kommune sitt næringsfond.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Dokument i saka:

E-post frå Elisabeth Tonheim, prosjektleiar på vegne av Nordhordland Næringshage (prosjektansvarleg), datert 07.04.15.

Saksopplysningar:

Festivalen «Verdas lengste sjømatbord» er ein kombinasjon av kultur, landbruk, oppleving og næring. Langbordet med sjømat er den unike hovudattraksjonen som skal trekkje publikum til bygda, slik at næringar og andre aktørar kan utnytte potensialet som ligg i folkemengda til å auke si omsetjing. I dette ligg omsetjing under sjølve arrangementet, men også meir langsiktig gevinst fordi publikum vert kjent med kva aktørar og tilbod som finst her. I fjor hadde festivalen besøkjande med båtar frå Møre og Romsdal, grupper frå Florø, Førde, Balestrand og Lærdal i Sogn og Fjordane, frå Austlandet og det kom folk frå heile Hordaland.

Med bakgrunn i medverknad og utvikling av næringslivet i bygda, søker arrangementet om kr 25.000,- i stønad for gjennomføring av «Verdas lengste sjømatbord 2015».

Festivalen «Verdas lengste sjømatbord» vart for første gong arrangert sommaren 2014 som eit suksessfullt mobiliseringstiltak i Lindåsbygda. Dette skjedde i samband med at samfunnsutviklingsprosjektet «Lindåsbygda og slusene – Frå oske til eld» vart tatt opp som assosiert prosjekt med stimuleringsmidlar i

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



LivOgLyst-satsinga i Hordaland i 2014. Dette prosjektet har også fått 50.000kr i støtte frå næringsfondet for 2014. I desember 2014 bestemte Fylkestinget at LivOGLyst skulle avviklast, og ingen nye prosjekt vart tatt opp. Bygdefolket hadde allereie under evaluering av arrangementet 2014 bestemt at arrangementet skulle vidareutviklast og gjennomførast i 2015. Festivalen hadde publikumstal cirka 3000 besøkande i 2014, og ein håpar på ytterligere auke i 2015.

Festivalen har med seg fleire nærings- og reiselivsaktørar. I år ynskjer også Lindås Senter å bidra med aktivitet og tilrettelagde opningstider, då dei erfarte stor tilstrøyming til butikkane under arrangementet i fjor. Arrangørane ser at arrangementet er ein katalysator for auka omsetjing for næringslivet i bygda, kor ein også har fått tilbakemelding om omsetjingsrekord! Med bakgrunn i den auka aktiviteten, som bidreg til større tilstrøyming av kundar, vart det i fjor blant anna etablert ei ny kreativ næring her. Eit anna resultat er at allereie etablert næringsliv vågar satse friskare på produktutvikling, som f eks konseptet Smak av Lindås. Dette er ein symbiose mellom lokalmat, lokal kultur og lokal kunst som saman skaper eit unikt produkt for bygda.

Vurdering:

Lindås Kommune ser nytten i å ha eit slik arrangement i kommunen, og regionen, og er difor positiv til å støtte dette arrangementet. Lindås kommune oppmodar alle andre gode krefter til å støtta opp om prosjektet, spesielt økonomisk.

I samfunnsutviklingsarbeid er individfaktoren ein kritisk suksessfaktor, og prosjektet er godt organisert for å hente inn mobiliseringskrefter. Prosjektet arbeidar også etter anerkjente modellar for lokale utviklingsprosessar.

Med referanse til retningslinjene for næringsfondet skal støtte gå til m.a. marknadsføring og produktutvikling. Vidare er næringsfondet positiv til samarbeid mellom bedrifter (nettverk).

I strategisk næringsplan for Lindås og Austrheim kommunar (2011-2020) står det også følgjande om landbruk som viktig næring for kommunane: «eit aktivt landbruk er med på å setje eit særpreg på kulturlandskapet, og utgjer ein viktig kulturbærar i regionen», «eit aktivt landbruk er viktig, og tiltak må setjast i verk for å styrke næringsgrunnlaget for både heiltids- og deltidsbonden». Landbruk er også eksplisitt nemnd som ein strategisk satsing i næringsplanen.

Rådmannen meiner at eit slikt arrangement er næringsfremmande, og vil difor støtte søknaden frå Nordhordland Næringshage.

Tilskotet kan betalast ut på forskot, då ber me om å få tilsendt eit kontonummer. Lindås kommune ynskjer også ein enkel oversikt som viser kva pengane er brukt på, etter at prosjektet er ferdig.

Hogne Haugsdal
ass. rådmann

Øystein Sørhaug
Saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:
Jorunn K Fosse

Mottakarar:
Nordhordland Næringshage

5943

AUSTRHEIM